

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 22.5.2015

**Stad:** Flå, Flå Veksthus

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hanne Brunborg,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Karsten Ekeren,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
  - Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.
  - Rådmannsutvalet deltok i sak 16 - 20, 23 - 26, 28.
- 

#### **SAK 16/15 UNGDOMSLOSANE I HALLINGDAL, ORIENTERING**

Ungdomslosane i Hallingdal Dag Stemsverk og Charlotte Haaland orienterte om tiltaket.

Ungdomslosane i Hallingdal er eit prosjekt som har som mål å hjelpe ungdommar mellom 15 og 20 år til å fullføre og bestå utdanning, koma i arbeid, eller koma i aktivitet.

Prosjektet blir avslutta sommaren 2017, men målet er at gode løysingar då er innarbeida og held fram i skulane, kommunane og NAV.

Vedlagt presentasjon syner m.a. statistikk over fullført og bestått ved Ål og Gol vgs, og tiltak gjennomført av ungdomslosane i Hallingdal.

Regionrådet for Hallingdal såg på presentasjonen som svært nyttig og vil drøfte vidare korleis Regionrådet kan følgje opp arbeidet.

#### **SAK 17/15 REGIONAL PLAN FOR KUNNSKAPSSAMFUNNET, ORIENTERING VED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE**

Prosjektleder Erik Kathrud frå Buskerud fylkeskommune orienterte om arbeidet med regional plan for kunnskapssamfunnet (presentasjon vedlagt).

Kommunane og regionrådet vil få mogelegheit til å koma med uttale før høyringsutkast blir gjort ferdig.

#### **SAK 18/15 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET**

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard og prosjektleder Ulrikke Ytteborg hadde ei kort orientering om pågåande arbeid i regionrådet (vedlagt presentasjon).

#### **SAK 19/15 GJENNOMFØRING SYKKELPROSJEKT OG PROFILERINGSPROSJEKT LANGRENN, HANDLINGSPLAN, STATUS**

Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet med felles sykkelprosjekt – terrengsykling og profileringsprosjekt langrenn (vedlagt presentasjon). Begge prosjekta er kome godt i gang etter dei planar som er lagt.

**SAK 20/15 SØKNAD HALLINGDAL ETABLERERSENTER****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 285.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2015.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

**SAK 21/15 SØKNAD OM TILSKOT, NORSE VALLEY AS**

Grethe Solberg og Bent Audun Solberg frå Norse Valley AS orienterte om prosjektet.

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 300.000 til Norse Valley AS, for etablering av internasjonalt datasenter. Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

**SAK 22/15 SØKNAD OM TILSKOT, FUTURE VALLEYS**

Saka vart utsett

**SAK 23/15 SØKNAD OM TILSKOT, «FÅRESTILLING» - NASJONALT SENTER FOR ULL OG FÅR.****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 180.000 til utgreiingsarbeid i samband med utvikling av ein arena/lokalitet for ull og får. Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Regionrådet føreset at prosjektet får ei regional forankring allereie i startfasen.
3. Det skal leggjast fram prosjektplan for adm. vurdering hjå Buskerud fylkeskommune/Regionrådet, før igangsetting.

**SAK 24/15 SØKNAD OM TILSKOT, «SMÅMAT OG LEFSEKLING – NYE NASJONALE MATSKATTAR»****Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 100.000 til Hallingkost til arbeid for at lefsekling og småmat blir godkjent i merkeordninga «Beskyttede betegnelser». Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

**SAK 25/15 SØKNAD OM TILSKOT, HALLINGPLAST**

Saka vart utsett

**SAK 26/15 SØKNAD OM TILSKOT, «FOLKESONG I HALLINGDAL»****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 150.000 til bokprosjektet «Folkesong i Hallingdal», og at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Regionrådet for Hallingdal vil gje honnør til Gunnlaug Lien Myhr for den innsatsen som er gjort for å samle inn vokal folkemusikk frå Hallingdal, og ynskjer lukke til med bokutgjevinga.

**SAK 27/15 SØKNAD OM TILSKOT, REGIONAL KULTURKOORDINATOR FOR HALLINGDAL****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 560.000 til vidareføring av prosjektet Regional kulturkoordinator for Hallingdal.  
Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Regionrådet for Hallingdal understrekar at dette er siste prosjektperioden det vil bli løyvd regionale utviklingsmidlar. Regionrådet ber om at prosjektet blir evaluert innan 1.9.2016 med tanke på ei eventuell permanent driftsfase.

**SAK 28/15 SØKNAD OM TILSKOT, «I GUDES FOTSPOR, HISTORIEN OM NASJONALROMANTIKKEN I HALLINGDAL»****Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 425.000 til arbeidet for å etablere eit fagsenter for Nasjonalromantikken på Nes, og at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

**SAK 29/15 SØKNAD OM TILSKOT, HÅTT HALLING****Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 100.000 til prosjektet Hått Halling og at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

**SAK 30/15 SØKNAD OM TILSKOT, «REGIONALT LEIARSTØTTEPROGRAM FOR SKULELEIARAR»****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal gjev avslag på søknad om midlar til «Regionalt leiarstøtteprogram for skuleleiarar», ut frå at dette blir vurdert til ikkje å vera innanfor retningslinjene til bruk av partnerskapsmidlar.

**SAK 31- 15 HØYRINGSUTTALE VEDK. UTVIKLING AV KARRIERESENTRA I BUSKERUD****Uttale**

Regionrådet for Hallingdal syner til rapporten som er utarbeidd av Arbeidsgruppa i Hallingdal. Denne rapporten ser for seg utviklinga av Hallingdal karrieresenter – sett ut frå regionen sine behov. Hovudmålet er å leggje til rette for at det er mogeleg for livslang læring for innbyggjarane i dalen. Arbeidsgruppa slutførte rapporten i september 2014.

Regionrådet for Hallingdal meiner det er svært viktig at karriererettleiingstilbodet i Buskerud blir vidareutvikla. For at dei ulike regionane skal få karrieresenter som er best mogeleg tilpassa lokale behov, er det svært viktig at det er regionalt forankra med lokalt styre og kompetanseforum. Dei ulike sentra må ha si form og profil fagleg og pedagogisk.

Karrieresentra i Buskerud skal tene regionar som er svært ulike med omsyn til kva behov som skal stettast. Skal desse sentra kunne ivareta og imøtekomme desse behova, er det viktig at dei bli lokalt styrde, både fagleg, administrativt og politisk. Hallingdal har andre behov enn t.d.

Drammen, og Regionrådet er redd for at felles styre og leing for karrieresentra i Buskerud vil svekke eigenarten og den lokale forankringa.

Regionrådet for Hallingdal har desse merknadane til sjølve høyringsdokumentet:

### **1. Senteret må ha lokal styring med eigen administrasjon og eige styre.**

Regionane i Buskerud er ulike, og det må gjerast lokale tilpassingar for å imøtekoma behov og løysingar for å kunne oppfylle hovudmålsettinga om livslang læring for alle.

Likeverdig tilbod er ikkje nødvendigvis like tilbod, men tilbod tilpassa regionane sine ulike behov.

I Hallingdal har relativt liten del av innbyggjarane høgare utdanning. Det er ingen høgskule i regionen, og det er relativ lang reiseveg til dei næraste høgskulane. For små og mellomstore bedrifter som i mindre grad sjølve har føresetnader for kompetanseutvikling og innovasjon, er dette ei særleg utfordring. Utfordringa er også tilsvarande for kommunane sjølve, som ein arbeidsgjevar med relativt stort behov for arbeidstakarar også med høgare utdanning. Hallingdal har også stort behov for kvalifiserte fagarbeidarar innan mange ulike profesjonar.

Ut frå dette er avgjerande at senteret har lokal styring med eigen administrasjon og eige styre.

### **2. Kommunane som viktig samarbeidsaktørar:**

Både NAV og Buskerud fylkeskommune ser på kommunane som vesentlege samarbeidspartnarar for vidareutvikling av karrieresentra.

Regionrådet meiner at ein føresetnad for at kommunane skal vera aktive medspelarar, er at det blir etablert ei lokal forankring av karrieresentra der Hallingdalskommunane opplever lokalt eigarskap.

Kommunane vil då i større grad både kunne ha interesse for og høve til å sette regionale resultatmål og sette inn regionale ressursar, anten i eigenregi eller i regi av Regionrådet. Den lokale styringsretten bør i varetakast i eit spleiselag mellom kommunane, NAV-regionalt og fylkeskommunen. For å kunne ivareta best mogeleg regionale utviklingsbehov, bør det difor også etablerast eit lokalt kompetanseforum.

### **3. Organisering av Karriere Buskerud.**

Regionrådet er usamd i framlegget til organisering av Karriere Buskerud. Regionrådet ynskjer ei organisering som nemnt i pkt. 1 og 2.

### **4: Studiesenteret:**

Med bakgrunn i erfaring med Hallingdal karrieresenter frå 2008, meiner Regionrådet det er viktig å understreke studiesenteret si rolle for at vaksne i Hallingdal skal kunne handtere eiga karriere.

Fylkeskommunen har tidlegare lagt vekt på at det må leggjast til rette for høgskuletilbod i Hallingdal. Dette er ein viktig regional utviklingsfaktor.

Desse problemstillingane blir ikkje teke opp i dokumentet.

### **5: Fylkeskommunal koordinering:**

Det kan vera nyttig å ha ein *koordineringsressurs* på fylkesnivå som kan innkalle til møter med erfaringsdeling og drøfting av oppgåver sentra kan samarbeide, t.d. kompetanseheving for personale.

### **Konklusjon:**

Regionrådet for Hallingdal meiner det er svært viktig at karriererettleiingstilbodet i Buskerud blir vidareutvikla. For at dei ulike regionane skal få karrieresenter som er best mogeleg tilpassa lokale behov, er det svært viktig at det er regionalt forankra med lokalt styre og kompetanseforum. Dei

ulike sentra må ha si form og profil fagleg og pedagogisk.

**SAK 32/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL**

**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Ål 22.5.2015

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hanne Brunborg, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Karsten Ekeren, Flå kommune